

Mowi ASA
Postboks 4102 Sandviken
5835 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/222 - 21/9883

Sakshandsamar:
Thomas Skår
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:
29.11.2021

Melding om politisk vedtak - klage på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakere:

Grunneigarane Åbakkevika
Marina Solutions AS
Mowi ASA

Ivar Aasen-gata 10	6150	ØRSTA
Postboks 4102	5835	BERGEN
Sandviken		

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-38/2	21/222

Saknr	Utval	Type	Dato
103/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021

Klage på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
15.10.21 kommentar til klage på disp justert js 21.10.21	04.11.2021
06.10.2021, FELLES KLAGE PÅ VEDTAK fra Grunneierne ved Åbakkevika	06.10.2021
Klage på delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av flytebrygge (Ref: 21/222 - 21/7407) - gbnr 38/2	06.10.2021
VEDLEGG 2 - 23.04.2021, E-mail til Marina Solutions	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C7) - Dybde i riss og eksempler brønnbåter	06.10.2021
VEDLEGG 3 - 23.04.2021, E-mail til Masfjorden kommune	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C6) - KART nr.1-6	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C5) - FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika	06.10.2021
Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av eksisterende flytebrygge gbnr 382	17.09.2021
Søknad om tillatelse til tiltak - dispensasjon utviding av flytekai - gbnr 38/2	09.07.2021
Vedlegg C2 - Kvittring for nabovarsel	09.07.2021
Vedlegg C3 - Merknader fra berørte naboer	09.07.2021
Vedlegg C4 - Merknad til nabovarsel	09.07.2021
Vedlegg C5 - 12.06.2021, FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika	09.07.2021
Vedlegg C6 - KART nr.1-6	09.07.2021
Vedlegg C7 - Dybde i riss og eksempler på brønnbåter	09.07.2021
Vedlegg C8 - Kommentarer til merknad frå naboer vedr endring flytebrygge Kvingo	09.07.2021
Vedlegg D1 - Situasjonsplan	09.07.2021
Vedlegg D2 - Forankringsplan	09.07.2021
Vedlegg E1 - Snitt forankring	09.07.2021
Vedlegg G1 - Erklæring om ansvarsrett	09.07.2021
Vedlegg G2 - Gjennomføringsplan	09.07.2021
Vedlegg Q1 - Nabovarselet gjelder Samsvarserklæring	09.07.2021
Søknad om tillatelse til tiltak	09.07.2021
Vedlegg B1 - Dispensasjonssøknad signert	09.07.2021
Vedlegg C1 - Opplysninger gitt i nabovarsel	09.07.2021
Sakstillegg til Klage på vedtak – utlegging av flytekai – 38/2 Masfjorden	11.11.2021
09.11.2021, Sakstillegg til Klage 06.10.2021 på delegert dispensasjonsvedtak (Hoveddokument)	11.11.2021
VEDLEGG Bryggeutvidelse 2018 – Situasjonkart, Tegning av brygge med fortøyninger (26.02.2018)	11.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika datert 06.10.2021 vert ikkje teke til følge. Det vert vist til delegert vedtak datert 17.09.2021 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er frå grunneigarane i Åbakkevika kome inn felles klage datert 06.10.2021 på Masfjorden kommune sitt administrative vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge på gbnr 38/2.

Høyring

Saka vart sendt på uttale til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, kystverket og fiskarlaget vest 15.07.2021.

Kommunen har motteke uttale frå kystverket som i brev datert 27.07.2021 skriv fylgjande: «Kommunen har mottatt søknad om dispensasjon for utlegging av flytebrygge i område for «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» gbnr 38/2. Det er vedlagt nabomerknader til søknaden.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket har vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia eller med navigasjonsinstallasjonar i området. Vi har ikkje merknader til at kommunen gir dispensasjon frå formålet.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova. Flytebrygga som det vert søkt om ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannslova.»

Vestland fylkeskommune skriv fylgjande i brev datert 05.08.2021: «Slik vi oppfattar saka så er intensjonen å erstatte eksisterande flytebryggje på staden med ei ny. Dette har Vestland fylkeskommune ved Infrastruktur og veg ikkje trafikale merknadar til. Vi tek utgangspunkt i at

flytebryggja er knytt opp mot verksemda på staden. Dersom det i framtida oppstår ein situasjon der ein til dømes vil leige vekk flytebryggja eller delar av ho til anna føremål, så er det krav om godkjent avkøyrsløyve til for slik bruk, jfr Veglova § 40 -43.

Vi ser ikkje bort i frå at det kan kome merknadar frå andre einingar hos oss i saka, slik som eining for Idrett, Kultur og Integrering.»

Statsforvaltaren i Vestland og fiskarlaget vest har ikkje uttalt seg til søknaden.

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Grunneigarane i Åbakkevika har sendt inn ein felles merknad til søknaden. Ansvarleg søker har i eige skriv kommentert nokon av

merknadane som kom inn.

Fakta/vurdering

Saka gjeld klage på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge på gbnr 38/2.

Gjeldande plangrunnlag: Arealet er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, vedteken av Masfjorden kommunestyret 09.05.2020 i sak 021/19. Arealet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdslø, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon. Tiltaket er i strid med arealføremålet og krev difor dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2.

MOWI har alereie etablert kai og flytebryggje med tilhøyrande røyranlegg for levering av fisk til brønnbåt. Dagens flytebrygge er 45 x 3,3 meter. Utviding omfattar betongbryggje med mål 50 x 6 meter med tilkomstbryggje på 12 x 2,7 meter. Jf situasjonskart under så vil ny bryggje kome ca 13 meter lengre ut og liggje parallelt slik eksisterande bryggje ligg i dag.



Løyve til dispensasjon frå føremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» for utviding av eksisterande flytebrygge vart gjort med bakgrunn i denne vurderinga (utklipp frå delegert vedtak der løyve vart gjeve):

«Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er satt av til i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilkåra

må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon. Vedrørande dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regional rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Grunna auka produksjon i anlegget dei siste åra, samstundes som at storleik på brønnbåtar har auka, gjer at det er behov for flytebrygge som har kapasitet til å ta i mot dagens brønnbåtar.

Dagens brønnbåtar er vesentleg større enn tidlegare og pga dybde ved eksisterande flytebrygge, så har det blitt vanskeleg å ta i mot større brønnbåtar. Dei nyare båtane er også meir miljøvennleg med tanke på utslepp og støy, og pga storleik, så vert det færre anløp i året.

Når det gjeld ålmenne interesser i området, så vert område nytta til fritidsfiske og rekreasjon. I felles merknad innsendt av grunneigarane som har naust og/eller bustad i Åbakkevika er det på kart vist kvar ein bruker området i dag til å setje garn, teiner etc.

Bruken av strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra, sidan det alt ligg flytebrygge i tilknytning til MOWIs drift der i dag. Forskjellen blir at ny flytebrygge vil ha litt større mål og bli flytta 12 meter lengre ut slik at det vert nok dybde til å ta i mot brønnbåtar som krev større dybde enn det er ved eksisterande brygge.

Det vert vurdert at tiltaket vil medføre minimal, om nokon, risiko for skade på naturmangfaldet. Gjennomføring av omsøkt tiltak vil med andre ord ikkje vere i strid med naturmangfaldslova.

Ved å utvide flytebryggja vil ein kunne ivareta sikkerheita til båt, mannskap og fiskevelferd ved at båtar ikkje lengre vil ta ned i havbotnen når dei legg til brygga. Ved å kunne ta i mot større båtar vil det verte færre anløp pr år der meir miljøvennlege båtar vil redusere støy for omliggjande eigedomar enn båtar som vert nytta i dag.

Det må bli tatt omsyn til friluftsliv, ålmen ferdsel, naturkvalitetar og landskap ved utbyggjing i landskap med spesielle kvalitetar. Forhold til andre interesser som for eksempel akvakultur må også vurderast. Behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal også tilleggast vekt jf statleg planretningslinjer for diffirensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Etter kommunen sin kunnskap, så har det ikkje vore store utfordringar knyta til fortøying av eksisterande brygge for dei som nytta området til fiske og rekreasjon. Det vert difor vurdert at om flytebryggja kjem 12 meter lengre ut, så vil ikkje det skape store ulemper for dei som nytta Åbakkevika til fiske eller anna bruk.

Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sine formål, ikkje vert vesentlig sett til side ved å gje dispensasjon i dette høve og at fordelane er større enn ulempene jf plan- og bygningslova § 19-2.»

Kommunen sendte brev frå klagar til ansvarleg søkar 08.10.21 og fekk tiltakshavar (MOWI) sine merknader i brev mottatt 03.11.21.

I klagebrev datert 06.10.2021 sendt inn som felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika, skriv dei at dei meiner det er gjeve ufullstendige opplysningar om tiltaket frå ansvarleg søkar. Klagar skriv i brev at det vil mellom anna kome forskjellige installasjonar som ikkje er vist på situasjonskartet.

Det er vist plassering av flytebrygge på situasjonskart der tiltaket er målsatt teikna inn. Det er vist

fortøyning på kart samt beskrive korleis fortøyning vert utført. Kommunen vurderer at saka er godt opplyst jf forvaltningslova § 17, og at det føreligg tilstrekkeleg informasjon til å kunne ta ei avgjerd i saka. Når det gjeld installasjonar som klagar meiner søknaden ikkje har opplyst om, så skriv MOWI fylgjande i brev mottatt 03.11.2021 «I avsnitt 4 står det at tiltaket med ny flytebrygge, vil medføre en rekke nye industriinstallasjoner, som eks. pumper, gangbro i betong, forankringer til rør m.v. Dette medfører ikke riktighet. Man vil, slik som i dag, bruke dagens landgang ned til en kort flytebrygge som ligger mellom ny flytebrygge & land. Tiltaket utløser heller ikke behov for nye & større fiskepumper for transport av fisk om bord i båt. Det blir heller ikke behov for forankring i sjø for leveringsrør eller gangbro i betong. Alle rør &/eller slanger blir montert på selve flytekaiaen. Ikke rør i sjø, slik som beskrevet i naboklage.»

I klage vert det vidare vist til at kommunestyret i Masfjorden har godkjent kommuneplan der området i sjø i Åbakkevika har fått føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» og at kommunestyret difor har vedteke at det ikkje er tillatt med flytebryggje og kaianlegg i dette området. Det vert vidare vist til rettsverknad av kommuneplanen jf pbl § 11-6 der det står at: «Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6.»

Kommuneplanen har blitt til gjennom ein omfattande beslutningsprosess. Det skal difor ikkje vere ein kurant sak å fråvike denne. Ut frå omsyn til offentlegheit, samråd og medverknad er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjon, men ved planendring. Lovgjevar har likevel gjeve kommunane adgang til å dispensere frå godkjent plan på vilkår av at kriteria i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt. Masfjorden kommune har mål om at god kommuneplanlegging skal redusere antall dispensasjonar. I dette arbeidet er det naudsynt å ta stilling til detaljnivå i planlegginga, noko som er svært ressurskrevjande. Ein må difor nytta dispensasjonsinstituttet i tråd med intensjonane i lovverket.

Det står vidare i klage at : «Når en tar i betraktning hvilket omfang den omsøkte vinkelbryggen til Mowi har, er det derfor uforståelig at saksbehandler kan gi dispensasjon fra kommuneplanen og kommunestyrets byggeforbud, med begrunnelse i at «strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra».

Situasjonskart på neste side viser omsøkt flytebrygge med aktuelle avstandar. Eksisterande flytebrygge er i dag på 45 x 3,3 meter. Utviding omfattar ny betongbryggje på 50 x 6 meter med tilkomstbrygge vinkelrett på denne på 12 x 2,7 meter. Den nye bryggja vil ligge parallellt med eksisterande bryggje og komme ca 13 meter lengre ut. Det er på situasjonskart også vist avstand frå flytebryggje til naust på andre sida av vika, der avstand i kart er mål til om lag 67 meter. Kommunen har vurdert at sidan det alt ligg flytebryggje på staden i dag, så vil strandsona bli lite endra ved utviding av eksisterande bryggje. Vurdering av bruken av strandsona ville vore annleis dersom det ikkje allereie var etablert flytebryggje her.



Det vil framleis vere mulighet for ferdsel i sjø og nytta sjøområde til fiske og anna rekreasjon.

Klagar har vore i kontakt med Brønnbåteierne foreining for avklaring i høve til storleik/djupne på brønnbåtar der det vert vist til telefonsamtale 23.07.21 og 26.07.21. Klagar hevder at MOWI si vurdering av dagens brønnbåtar ikkje stemmer.

MOWI skriv fylgjande til dette i brev mottatt 03.11.2021: «I klagen på s. 2 vier klagerne mye plass til påstander knyttet til brønnbåter, størrelser, dybder m.v. Mowi er uenig i mye av det klagerne gjør gjeldende. Det er imidlertid Mowi sin faglige vurdering at brønnbåtene det er mest riktig å benytte ved anlegget i Kvingo krever større brygge og større dybde. Det er derfor Mowi sin faglige vurdering at det er viktig å få tillatelse til den omsøkte utvidelsen av eksisterende flytebrygge.»

I klage står det vidare at kommunen ikkje har gjeve nokon konkret forklaring på kva bestemmelsar eller arealføremål det vert dispensert frå under punkt 4 «vurdering». Det står vidare at det ikkje er gjeve nokon grunngjeving for kva som er bakgrunnen for arealføremålet.

Det kjem tydelig fram i saksutgreiinga (under punkt 3 «fakta») kva som er føremålet det vert søkt dispensasjon frå. Arealet som flytebrygge er søkt på, ligg i arealdelen til kommuneplanen innanfor område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar

for seg eller i kombinasjon. I desse områda er det ikkje tillete å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett, jf pbl § 11-11 nr 3 jf føresegnene til kommuneplanen punkt 5.3.1.

«Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone», herunder områda ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde jf plan- og bygningslova § 12-5 nr 6.

Føremålet omfattar alle arealbrukskategoriar i sjø og vassdrag, og eventuelt tilhøyrande strandsone, der bruk og vern av sjøen eller vassdraget som er det sentrale. Med tilhøyrande strandsone er det meint områda på land så langt arealbruken der står i direkte samanheng med sjøen/vassdraget og arealbruken der.

Det vert i klage vist til at dersom det er ynskje om å redusere forurensing, så ville bruk av landstraum vere naturleg, og ikkje større båtar som har motoren på under heile opphaldet.

MOWI sitt svar på spørsmål om bruk av landstraum kjem fram av brev motatt 03.11.2021: «I avsnitt nr.27, side 3 skriver naboene at den naturlige lønsning for å redusere forurensing (utslipp & støy) vil være landstrøm.

Dette medfører til en viss grad riktighet. BKK som nettselskap, kan imidlertid ikke levere strøm til større tiltak i Søndre del av Masfjorden & Kvingo på nåværende tidspunkt. Mowi har vært i dialog med BKK vedr. økt strømmuttak ifbm. andre prosjekt på anlegget. Vi er derfor tvunget til å la båtene ligge til land med hjelpemotorene i drift.»

Klagar hevdar vidare at utslipp frå MOWI sitt anlegg har i nærmare 30 år gått direkte i sjø og skapt store øydleggelsar i økosystemet.

Viser igjen til brev frå MOWI motatt 03.11.2021 der dei svarar fylgjande: «I avsnitt nr.28, side 4, fremhever klagerne at Mowi sitt anlegg på Kvingo sender sine utslipp direkte ut i sjø. Mowi Kvingo har rensing på sitt avløp fra anlegget.

Mowi sine anlegg har, som en del av konsesjonskravene, plikt til å utføre bunnundersøkelser av sjøarealet utenfor anlegget. Dette etter intervall & krav, satt av miljømyndighetene. Dersom naboene mener at Mowi ikke oppfyller sine konsesjonskrav kan det tas opp med konsesjonsmyndigheten.»

I klage vert det vidare skrive at det i høyringsrundet burde bli henta inn vurdering frå innstans med miljøkompetanse.

Kommunen sendte saka på høyring til fylgjande regionale/statlege instansar: Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune, Kystverket og Fiskarlaget Vest. Det vart vurdert av kommunen som tilstrekkeleg å innhente uttale frå desse etatane, som sit på mykje kompetanse til å vurdere forskjellige sider av saka.

Det vert i klage vist til stалеge planretningslinjer for forvaltning av strandsona; «Retningslinjene er tydelege på at avklaring av arealbruken i strandsona skal skje gjennom planlegging, dvs. arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar, og ikkje gjennom enkeltvise dispensasjonar.»

Administrasjonen er samd i at tiltak i strandsona/sjø bør avklarast i plansamanheng og ikkje gjennom enkelt dispensasjonar. Ein dispensasjonsprosess ivaretar ikkje omsyna til langsiktig løysingar, åpenheit, forutsigbarheit og medverknad i like stor grad som ein planprosess. Lovgjevar har likevel gjeve kommunane adgang til å dispensere frå vedtatte planar dersom gitte kriteriar er oppfylt jf plan- og bygningslova kapittel 19.

Det vert på slutten av klagebrev framheva at dei synes at det er rart at kommunen har gjeve løyve til

ei så stor verksemd utan at det har blitt regulert til føremålet gjennom reguleringsplan.

Verksemda har drive i mange år og arealet på land er avsett til «næring» i arealdelen til kommuneplanen.

Det står i klage at når verksemda auka produksjon gong på gong, fører det til auke i belastning for miljø og naboar og at utviding skal skje gjennom dispensasjonar svekkar forutberegneligheit. Det gjeld mellom anna storleik på anlegget, økt forureinsing, estetisk ulempe, lys, støy, lukt etc.

Som nemnd på s.4 i saksframlegget, så ynskjer Masfjorden kommune at god kommuneplanlegging skal redusere antall dispensasjonar frå gjeldande arealplanar og at arealbruk skal avklarast i planprosess. Når det gjeld sjølve produksjonen på MOWI sitt anlegg i høve til miljøbelastning/lys/støy etc er ikkje dette relevant for handsaming av denne saka. Produksjon vert regulert av gjeve konsesjonar, og vilkår satt i konsesjonsvedtaket er satt for å mellom anna ivareta omsyn til miljø.

Konklusjon

Felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika datert 06.10.2021 vert ikkje tatt til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 17.09.2021 og rådmannen sine vurderingar ovanfor. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

Formannskapet - 103/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg framsett, som fekk 3 røyster mot (H).

Fellesframlegg frå Torill Torsvik Størkersen, Geir Egil Haugsvær og Siri Tangedal Kratzmeier.

Klagen vert teke til følgje. Det vert ikkje gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 for omsøkt utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Klagen vert teke til følgje. Det vert ikkje gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 for omsøkt utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.